



Henrik Rosenlid

6795 Blaksæter

Sakshandsamar::

Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Henrik Rosenlid, mottak av kasserte køyretøy

Kontrollnummer: 2019.043.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Henrik Rosenlid

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Gøsta Hagenlund

Andre deltagere fra Fylkesmannen i Vestland:
Einar Nesse Johnsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Henrik Rosenlid den 19. juni 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har nokre manglar i sin handtering av farleg avfall
- Nokre vilkår i utsleppsløynet er ikkje stetta

Merknader:

- Dokumentasjon på internkontroll som gjeld det ytre miljøet har nokre manglar.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

25.6.2019	Gøsta Hagenlund	Sissel Storebø
dato	sjefsingeniør	seksjonsleiar

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til: Stryn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Henrik Rosenlid (enkeltmannsføretak)	
Organisasjonsnr.: 987 362 529	Eigd av: 987 337 257

Kontrollert eining

Namn: Henrik Rosenlid (mottak av kasserte køyretøy og metall)	Anleggsnr.: 1449.0046.01
Kommune: Stryn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Kasserte køyretøy	
Løyve gitt: 28. november 2005	Sist endra: 24.6.13

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Henrik Rosenlid pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Henrik Rosenlid innan **15. oktober 2019** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Gøsta Hagenlund.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 21. mai 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Henrik Rosenlid betale eit gebyr på kr 13 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har nokre manglar i sin handtering av farleg avfall

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 11-5

Kommentar til regelverket

Kap. 11 i avfallsforskrifta set krav om oppbevaring, merking og levering av farleg avfall. Farleg avfall skal lagrast forsvarleg, emballasjen skal vere eigna til innhaldet og vere godt merkt. Den enkelte type farleg avfall skal ikkje blandast med anna farleg eller ordinært avfall. Minst ein gong per år skal kvar avfallstype som det vert generert minst 1 kg av per år, leverast til godkjent avfallsmottakar. Kvar levering skal vere dokumentert gjennom registrering i databasen avfallsdeklarering.no.

Avviket er basert på følgande observasjonar

Verksemda viste god kunnskap om regelverket om farleg avfall. Stort sett alt farleg avfall som oppstår ved verksemda er dokumentert levert til godkjent mottakar. Vi observerte nokre manglar ved handteringa: Batterisyre (avfallsstoffnummer 7131). Det står lagra om lag 40 kg inne. Emballasjen er merkt med "syre", men burde også vere merkt med avfallsstoffnummer. Avfallstypen er ikkje dokumentert levert sidan 2016. Nokre typar oljehaldig avfall er ikkje levert årleg. Dette gjeld mellom anna avfallsstoffnummer 7012, 7022 og 7024 (når det gjeld oljefilter) og 7081. Fylkesmannen er vist dokumentasjon på at fleire typar farleg avfall er levert i 2018, men ikkje registrert med dato motteke hos mottakar før 1.1.19 eller 3.1.19.

Avvik 2

Nokre vilkår i utsleppsløyvet er ikkje stetta

Avvik frå:

Utsleppsløyvet datert 24.6.2013

Kommentar til regelverket

Utsleppsløyvet er gitt på spesifikke vilkår som verksemda må stette. Ramme: Verksemda skal berre drive på gbnr 173/13 og 18. Vilkår 2.3 Verksemda skal vere heilt avstengt med låst port utanom opningstider.

Vilkår 4.2 omtalar mellom anna at olje i avløpsvatn må målast min. ein gong per år.

Vilkår 4.3 fastset at ojealdig avløpsvatn skal førast i tett leidning til sjø.

Avviket er basert på følgande observasjonar

Verksemda har aktivitet på gbnr. 173/5. Arealet er ikkje avsett til slik næringsaktivitet. Her er det mellom anna etablert betongplate med avrenning til oljeutskiljar, og det var lagra fleire kasserte køyretøy, mellom anna fleire bussar og lastebilar. Fylkesmannen kan ikkje tillate bilvrak-aktivitet før arealbruken er avklart med Stryn kommune og eigar av eigedomen.

Verksemda manglar låsbar port for bilvrak lagra på det øvste nivået.

Oljeutskiljar, jf. vilkår 4.2 og 4.3

Utsleppskonsentrasjonar av olje i avløpsvatn frå oljeutskiljar er ikkje målt sidan 2015. Det er ikkje laga avtale eller avklart korleis måling av olje i avløpsvatnet skal målast. Det er ikkje avtale eller rutine for korleis koalesensfilteret i oljeutskiljaren skal reinsast/vedlikehaldast.

Oljealdig vatn frå oljeutskiljar vert ført til mindre elv rett nedanfor verksemda

7. Merknader

Merknad 1

Dokumentasjon på internkontroll som gjeld det ytre miljøet har nokre manglar.

Kommentar

Verksemda er registrert som enkeltmannsføretak, men har 2 – 3 personar som hjelper til i periodar. Det er såleis behov for nokre felles rutinar m.m. for aktivitetane. Det vart vist at verksemda har risikovurdert fleire viktige forhold som gjeld det ytre miljøet.

Verksemda bør vurdere å omtale risikoforhold som gjeld det ytre miljøet i eit eige dokument, og knyte skriftlege rutinar til enkelte, viktige prosessar. Døme på slike kan vere:

- drift av oljeutskiljar
- omtale av miljøsanering
- lagring av usanerte, sanerte og pressa bilar
- omtale av typar, emballasje, merking og levering av farleg avfall
- drift av presse, mellom anna korleis og kor ofte (oljealdig) slam frå aktiviteten bør samlast opp (verksemda må vurdere – eventuelt med

analyse – om dette slammet kan ha nivå av farleg stoff/avfall slik at det må handterast som farleg avfall).

8. Andre tilhøve

Farleg avfall

Verksemda har oversikt over regelverket for farleg avfall, kjennskap til dokumentasjonsplikta og generelt lagring av avfallet. Verksemda bør vurdere om emballasjen for kvikksølvhaldig avfall bør sikrast betre. Sikring av flytande farleg avfall og drivstoff er sikra med oppsamlingsarrangement ut over det avfallsforskrifta set som minimumskrav.

Oljeutskiljar

Verksemda har installert ein type oljeutskiljar med koalesensfilter. Dersom utskiljaren er rett dimensjonert i forhold til areal som har avrenning, kan utskiljaren klare å oppnå ein utsleppskonsentrasjon godt under gjeldande krav i vilkår 4.2 i løyvet.

Om gjerde og port

Verksemda stettar krav i vilkår 2.3 om sikring mot uvedkomande med kombinasjon av høgt gjerde og elles naturlege høgdeforskjellar i terreng. Øvste nivå vert stengd med flyttbare bukkar utanom opningstid – men likevel slik at det ikkje er stengd for uvedkomande. Port må anten installerast, eller verksemda kan søkje om endringa av tilgjengekrava for dette området.

Økonomisk sikring

Vilkår 8 i løyvet kan verksemda sjå bort frå. Det er etter at løyvet vart vedteke avklart at denne type verksemder for tida ikkje må stille slik sikring.

Om løyvet

Nokre forhold i løyvet er ikkje stetta, jf. omtale under "Avvik", medan andre vilkår og forhold i løyvet ikkje er representative for korleis verksemda driv. Verksemda bør søkje om å avklare ramme og vilkår i løyvet slik drift er i samsvar med krav i løyve. Vi rår til at verksemda avklarar arealbruken med Stryn kommune, og søker Fylkesmannen om dei krava i løyvet de meiner bør endrast.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Oppslag i databasen avfallsdeklarering.no
- Innsyn i digitale internkontroll dokument

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)